

**EDLEGG 4**

## **Liste over de ulike kravene/ønskene om endringer i gjeldene konsesjonsvilkår**

**Krav som er kommet inn fra Ål kommune, her bearbeidet av Geir Tretterud:**

1. Omlegging av vegen over Skarvanstølmyrane til den gamle leia frå Klype til Beihovd, samt krysse elva i god avstand aust for dammen for å betre reinen sin ferdsel frå sørsida til nordsida av vatnet. Reinen vil då kunne få ein korridor på austsida av dammen.
2. Omarbeiding av gjerde i elvefaret nedstraums dammen slik at dette fjernast utanom beitesesongen for sau og storfe, og blir sett opp att når beitesesongen startar. For å betre reinen sin gjennomgang. (Gjerde skal være oppe i perioden 10. Juni til 10. September)
3. Nye arkeologiske undersøkingar av steinalderbusetnader i og langs vatnet. Tidlegare undersøkingar skjedde under sterkt tidspress, og nye lag kan være vaska fram i løpet av 50 år.
4. Rydding av neddemt areal for kvist og kvas for å betre fiskemogleheitene og det visuelle inntrykket av magasinet når det er nedtappa.
5. Krevje vilkår som hindrar store variasjonar i vasstanden i perioden då fiske av stamfiske pågår, samt hindre erosjon. Krav veksande eller stabil vasstand over veka.
6. Krevje fiskeribiologiske undersøkingar fast kvart 10. år.
7. Krevje ordningar som hindrar utvandring av fisk i tappeperioden.
8. Krevje restaurering av elveløp ved Skarvanstølen slik at flaumar unngås (grusryggar på sida av elva er fjerna i samband med utbygginga).
9. Vedlikehold av vegen mellom Hemsedal og Leveld.  
Eit forhold som mange grunneigarar har tatt fram er at konsesjonären bør ha vedlikehald av vegen. På den måten vil alle som ferdast i området unngå å betale bompengar for å kome inn til området, og ein vil på denne måten yte ein kompensasjon til allmennheita.

## **FORSLAG TIL FINANSIELLE KRAV VED ENDRA KONSESJONSBETINGELSER**

1. Fastsetting av konsesjonskraftmengde skal skje etter same prinsipp som før. Trettiårs perioden som blir brukt som hydrologisk grunnlag må fortløpende endrast kvart 10 år, slik at det er ei rullering i 30 års perioden. Dette for å ta omsyn til eventuelt endra normalårsproduksjon.

2. Prisen for konsesjonskrafta skal fylgje den av OED fastsette normalpris for konsesjonskraft.
3. Næringsfond til kommunane på grunn av forringa miljø settast til XX mill. kroner

## **Krav fra Gol og Hemsedal kommune:**

### **– Hemsedal fiskeforening:**

Hemsedal Fiskeforening har desse krav/ynskjer til revidering av konsesjonsvilkåra for Hemsil - vassdraget etter einstemmig vedtak på årsmøtet i Hemsedal fiskeforening 3. mars 05. Hemsedal Fiskeforening representerer 95 % av alle grunneigararstrandline langs vassdraget.

#### Pkt 1.

Det skal vere ein minstevassføring ut frå Eikredammen . Det skal i denne minstevassføring etablerast ei fisketrapp med mulig tilbakevandring til Eikredammen og Hemsil for auren som slepp seg ned i flaumvatnet.

#### Pkt 2.

Det skal vere ein maks nedtappingsgrense for Eikredammen i fiske sesong frå 1 juni til 15 september. Maks nedtapping kan være 1-1,5 meter under flom overløp. Fisketrapp skal etablerast i underkant av denne "1-1,5 meters" grense. Dette skal sikre et trivelig miljø på Eikredammen i sommarhalvåret der den allmenne ferdsel for rekreasjon og fiske sikrar trygg ferdsel og tilgang til vassdraget "utan gjørme" i eit trivleg miljø. Nedtappingsgrensa skal bestemmast i samråd med fiskeforvaltar i fylket, og E-CO vasskraft.

#### Pkt 3.

Då det på Eikredammen har blitt ein god balanse med fin kvalitet på fisk i passe mengder skal regulanten årlig sette ut 2000 3-somrig fisk til Hemsil-vassdraget, som kompensasjon ved tapt fisk i turbin intakta på Eikredammen. Sekundært skal det gjørast tiltak som leder eller stenger fisken ifrå å sleppe seg inn i turbinane.

#### Pkt 4.

Om Eikredammen sin botnluke/magasin må tömmast, skal regulanten bekoste all den fiskeutsetjing som er nødvendig til vassdraget for å restituere og byggje opp igjen fisket. Ein må beregne 10 år for å bringe fiskestammen tilbake til "gammelt godt fiske". Det skal då være ein biologisk undersøking/vurdering på korleis dei langsigktige problem skal løysast.

Det skal byggjast eit betongbasseng/stengsel på nedsida av botnluka for å samle opp fisken som slepp seg nedover. Denne skal også brukast for oppsamling av fisk som slepp seg ut av Eikredammen i flaumvatn.

#### Pkt 5.

Etterundersøkingar og kartleggingar av fiskestammen for Hemsil-vassdraget. Regulanten pliktar å koste slike tiltak etter pålegg frå fiskeforvaltar i fylket. Det skal ikkje gå meir enn 20 år mellom kvar gong det er ein grundig undersøking på vassdraget. Regulanten skal koste alle prøvefiske som blir gjort i Eikredammen og Hemsil-vassdraget, då Hemsedal fiskeforening meiner det er behov for dette.

## Pkt 6.

Vektlegginga på tapt verdi ved fiske skal vurderast i forhold til den gamle verdsettinga i konsesjonen (Hemsil - regulanten).

### **- Nedre Hemsil Fiskeforening**

Nedre Hemsil Fiskeforeningen ble dannet høsten 2004 og er en åpen og frittstående forening.

Nedre Hemsil Fiskeforeningen skal ivareta allmenhetens interesser i spørsmål ang. sportsfiske, rekreasjon, friluftsliv og naturopplevelse.

Foreningen mener at følgende momenter må vektlegges når konsesjonen skal revideres i 2007:

- Minstevannføring nedstrøms Eikredammen må gjennomføres..
- Mengden av vann (kbm/sek) skal baseres på en fiskeribiologisk vurdering.
- Bygging av fisketrapp øst for Eikredammen for evnt. tilbakevandring av fisk.
- Bygging av terskler, basert på nyere forskning og fiskeribiologiske vurderinger.
- Årlig utsetting av fisk, basert på en fiskeribiologisk vurdering.
- Kvaliteten på fisken i hele vassdraget, inkludert Eikredammen, må vurderes kontinuerlig.
- Det gjennomføres en fiskeribiologisk undersøkelse f.eks. hvert 5 år.

Viser til vedlagte rapport fra Universitet i Oslo (UiO) 2002.

Utarbeidet av Åge Braband, Jan Heggens, Trond Bremnes og Svein Jacob Saltveit.

Der står det bl.a:

«Det er i dag ikke minstevannsføring i Hemsil nedenfor Eikredammen og det er trolig stor dødelighet høst og vinter på fisk som i utgangspunktet er av god kvalitet. Dette er ut fra et fiskeribiologisk synspunkt en uakseptabel situasjon. Tre tiltak kan bedre disse forholdene:

- Tilrettelegge for en høy beskatning nedenfor Eikredammen.
- Konstruere mulig tilbakevandring i kunstig elveløp med flomvann og minstevannsføring.
- Minstevannsføring ut fra Eikredammen».

### **- Nordfjella villreinnemd og villreinutvalget for Nordfjella**

#### Sikring av villreintrekke

Oppdemningen av Gyrinos-Flævatn skar over det viktigste trekket mellom Hemsedal og området øst for Lauvdalen i Ål og Hemsedal kommune. En fylling over det smaleste sundet, der vannet kan gå i rør, vil kunne gjenopprette det gamle villreintrekket i sommerhalvåret.

Om et slikt tiltak er ønskelig fra lokalt grunneierhold, er en annen sak. I så fall må det utarbeides konsekvensanalyse med kostnadsberegning.

Beitegjerdet som har stått til erstatning for tørrlagt elv, avskjærer villreinens trekkmuligheter på nordsiden.

Sammen med sommerveg og økt turistutbygging med ferdsel ut ifra randsonene, har disse forholdene ført til at villrein kun i liten grad får brukt området øst for Lauvdalen.

Fra naturens side har dette området både sommer- og vinterbeitekvaliteter.

Beitegjerdet ble i en periode lagt ned i forbindelse med jakta, noe som letter villreinenes

trekk når dyr først er i området. Hvor stort behov det er for beitegjerde i dag, vet vi ikke. En evt. minstevassføring vil muligvis kunne tilgodese begge interesser. For å komme over vegen er det helt vesentlig at det ikke er djupe skjæringer. Lett skrånende vegkanter og stoppforbud på enkelte utsatte steder er tiltak man har god erfaring med andre steder, bla. rv 27 over Venabygdfjellet. Vegen i seg sjøl er neppe noen stor hindring slik den legger i dag.

– **Øygardane grendelag**

Vi vil be Gol kommune om å krevje ei minstevassføring i elva Hemsil.

Vi vil også påpeke de mange farlige situasjonene som har vært, ved at elva har gått fra ingen vannføring til svært stor på svært kort tid. En må kunne regulere dette over mange timer.

– **Hallingdalselva Fiskelag**

Ønsker minstevannsføring i Hemsil.

Påpeker også at utformingen av elveløpet og den nedre del av Hemsil har stor betydning for gyteforholdene.

– **Samarbeidsutvalget for elveeigarlag i Hallingdalselva**

Ønsker minstevannsføring i Hemsil